



«BlimE 25»

Heile skulen samla seg i gymsalen kor me dansa og song til
«blimE» dansen!



Bruk refleks!

Nå begynner det å bli mørkt ute,
både på morgon og kveld.
Minner alle om på bruke
refleksvest eller festa refleks på
klede, slik at de er meir synlege i
trafikken. Me har ingen å mista!



FAU

Referatet ligg på
nettsida til skulen.

SU møte 30.9.

Heim-skule samtaler:

Finn sted mellom veke 42
og 44.

Hei alle saman,

Håper at alle har hatt ei flott markenshelg! Tradisjonen tru har elevane frå 3-7.trinn
vore på Marken i skuletida på fredagen.

Denne hausten har gått fort, og i neste veke er det allereie haustferie. September har
vore prega av mykje regn, men me har hatt gode og lærerike dagar på uteskule og masse
leik i Bjerkreimsverda. Elevane er godt i gong med skulekvardagen med alt frå partering
av sau i mat og helse, til nasjonale prøvar. Me har og hatt besøk av både brannbil og
politibil i forbindelse med brannvernveke, og SOME-avtala. Tusen takk for at de stiller
opp for elevane våre!

Som ein del av det tverrfaglege tema demokrati og medborgarskap har elevane laga eigne
klassereglar, og me har vennskap på planen som er forankra i årshjulet for «Saman for
meistring»-timen. 2.trinn inviterte alle elevar og vaksne til ein kjekk fellessamling kor me
i lag song skulesongen vår, song om vennskap og dansa i lag.

Det er Saman for meistring det! 😊

Me ynskjer alle ein riktig god haustferie!